

# Vestlandsrådet

## Vedlegg: AU-sak 6/13 Ferjedrift som flaskehals på kyststamvegen E39

### Bakgrunn


Vestlandsrådet ba i møte 221012 arbeidsutvalet (AU) om sjå nærare på flaskehalsar som vi opplever langs kyststamvegen E39 som følgje av at ferjer vert tekne av drift. På ei hovudtransportåre som E39 bør det vere krav om reserverferje. Informasjonen er henta inn frå begge vegetatene. Som ein vil sjå så manglar nokre data frå region Midt-Noreg som ein ikkje har motteke alle svara frå ennå.

I dette notatet vert det sett på trafikkmengde (tal køyretøy og ÅDT), tal attståande bilar, tal passasjerar, kor ofte ei ferje vert teke ut av drift og krav til reservemateriell. Ferjesambanda Morteveika – Arsvåg og Halhjem – Sandvikvåg er dei største ferjesambanda på E39.

### 1. Trafikk

#### 1.1 Køyretøy

Tal køyretøy på alle samband har auka frå 2011 til 2012. Største auken har sambandet Molde – Vestnes med ein auke på 5,2 %.




	Køyretøy	
	2011	2012
Morteveika - Arsvågen	1 315 804	1 355 917
Halhjem-Sandvikvåg	888 618	912 463
Lavik - Oppedal	515 870	532 038
Lote - Anda	468 725	484 233
Solevåg - Festøya	587 915	606 844
Molde - Vestnes	732 659	770 763
Halså - Kanestraum	329 881	340 837

# Vestlandsrådet

## 1.2 Årsdøgntrafikk

Årsdøgntrafikken har auka på sambanda frå 2011 til 2012. Den prosentvise auke var størst på sambanda Lote - Anda (7,5 %), Molde - Vestnes(5,2 %) og Lavik - Oppedal(5,1 %). Målt etter faktisk tal bilar var auken størst på sambanda Mortevisa - Arsvåg (110) og Molde - Vestnes(105).



	ÅDT		Endr. i %
	2011	2012	
Mortevisa - Arsvåg	3 605	3 715	3,1
Halhjem-Sandvikvåg	2 435	2 500	2,7
Lavik - Oppedal	1 388	1 458	5,1
Lote - Anda	1 235	1 327	7,5
Solevåg - Festøya	1 611	1 663	3,2
Molde - Vestnes	2 007	2 112	5,2
Halså - Kanestraum	904	934	3,3

# Vestlandsrådet


## 1.3 Personbileiningar (PBE) og PBE/døgn

**PBE** er ei forkorting for **personbileining**. Dette er måleeininga for kor mange personbilar ei ferje har kapasitet til å transportere. Andre køyretøy vert berekna ut i frå storleiken på ein personbil i tal PBE for å være målbare.

- 1 personbil = 1,0 PBE
- 1 motorsykkle = 0,5 PBE
- 1 buss = 2,0 PBE
- 1 lastebil = 2,5 PBE
- 1 vogntog = 3,0 PBE


Her er det sett på PBE for heile året.

PBE har auka på alle sambanda frå 2011 til 2012. Størst prosentvis auke var det på sambanda Halså - Kanestraum (6,7 %), Lote - Anda (5,8 %) og Lavik - Oppedal (5,5 %).



	PBE		Endr. i %
	2011	2012	
Mortevisa - Arsvågen	2 410 662	2 532 057	5,0
Halhjem-Sandvikvåg	1 660 132	1 741 710	4,9
Lavik - Oppedal	960 861	1 013 673	5,5
Lote - Anda	814 035	861 001	5,8
Solevåg - Festøya	1 062 078	1 109 572	4,5
Molde - Vestnes	1 413 013	1 476 182	4,5
Halså - Kanestraum	569 390	607 772	6,7

# Vestlandsrådet




	PBE / døgn		Endring i %
	2011	2012	
Morteвика - Arsvågen	6 605	6 937	5,0
Halhjem-Sandvikvåg	4 548	4 772	4,9
Lavik - Oppedal	2 632	2 777	5,5
Lote - Anda	2 230	2 359	5,8
Solevåg - Festøya	2 910	3 040	4,5
Molde - Vestnes	3 871	4 044	4,5
Halså - Kanestraum	1 560	1 665	6,7

# Vestlandsrådet

## 1.4 Passasjerar

Dei tre største ferjesambanda på E39 når det gjeld tal passasjerar er Mortevisa - Arsvågen, Halhjem - Sandvikvåg og Molde - Vestnes. Alle sambanda hadde ein vekst frå 2011 - 2012. Den største veksten målt etter tal passasjerar hadde Molde - Vestnes med ein auke på 35 825 passasjerar frå 2011 til 2012.

Sambandet Mortevisa - Arsvågen hadde ein auke på 28 889 passasjerar. Den største prosentvise auken hadde Molde - Vestnes(4,5 %), Halså - Kanestraum(3,9 %) og Solevågen - Festøya (3,8 %).




	Passasjerar		Endr. i %
	2011	2012	
Mortevisa - Arsvågen	1 544 716	1 573 605	1,9
Halhjem - Sandvikvåg	1 193 846	1 213 400	1,6
Lavik - Oppedal	613 051	620 392	1,2
Lote - Anda	432 457	438 770	1,5
Solevåg - Festøya	551 657	572 791	3,8
Molde - Vestnes	803 971	839 796	4,5
Halså - Kanestraum	331 230	344 299	3,9

# Vestlandsrådet

## 1.5 Attstående bilar

Måling av attstående bilar på eit ferjesamband kan vere eit av fleire parameter for å sjå på flaksehalsproblematikken på ferjesambanda på E39.

Ut i frå statistikken for 2011 og 2012 ser det ut til at det er flaskehalsproblematikk særleg på Lavik-Opedal, Mortevisa-Arsvågen, Halhjem-Sandvikvåg, Lavik-Oppedal og Molde-Vestnes.



	Attstående bilar		
	2011	2012	
Mortevisa - Arsvågen	11 070	4 782	-6 288
Halhjem-Sandvikvåg	2 851	2 962	111
Lavik - Oppedal	11 820	15 554	3 734
Lote - Anda	706	851	145
Solevåg - Festøya	39	297	258
Molde - Vestnes	14	3 766	3 752
Halså - Kanestraum	177	925	748

# Vestlandsrådet

## 1.6 Om ferjesambanda i Region Vest

Ferjene blir teke ut i samband med planlagt verkstadsopphald. Dette skal i utgangspunktet vere 1 gang per år eller per andre år. Planlagt verkstadsopphald er vanlegvis på 5 – 14 dagar. Dette er standard for alle ferjer.

### 1.6.1 Ferjesambanda Mortavika – Arsvågen og Halhjem – Sandvikvåg

Mortavika – Arsvågen er drifta av tre ferjer. Halhjem – Sandvikvåg er drifta av tre ferjer.

Dagens praksis for reserverferje ved upårekna hendingar eller planlagde verkstadsopphald, er at ei av ferjene som går på Mortavika – Arsvågen verte brukt som reservefartøy for det fartøyet som tas ut av drift. Ved verkstadsopphald vil det difor vere to ferjer på Mortavika-Arsvågen og tre ferjer på Halhjem-Sandvikvåg. Det har vore ein del redusert ferjekapasitet totalt sett for dei to ferjesambanda i 2012. Årsak og tiltak er kjent og vi forventar mindre ikkje planlagde verkstadsopphald ut i 2013 og påkomande år.

Dagens kontrakt går ut 31.12.2016.

Frekvens:

Mortavika – Arsvågen: 20 min

Halhjem – Sandvikvåg: 30 min

Sambanda vil bli lyst ut på nytt i 2013/2014 og det er ikkje avklart kva krav som blir stilt i samband med reserverferje eller frekvens ved neste utlysing. Det vert stilt krav, men kva krav er ikkje avklart.

### 1.6.2 Ferjesambandet Lavik – Oppedal

Ferjesambandet er drifta av to ferjer.

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

#### Planlagte driftsavbrudd:

Ved verkstedsopphald og andre planlagte driftsavbrudd skal reservefartøyet være på plass når det ordinære fartøyet blir tatt ut av rute.

#### Ikke planlagte driftsavbrudd:

Lavik - Oppedal:

- Ved kortvarige driftsavbrudd aksepterer oppdragsgiver drift med en ferje i inntil 3 døgn.
- Ved lengre driftsavbrudd skal reserveferje på minimum 80 pbe være på plass innen 3 døgn.

Praksis er at Fjord1 tar ut ei ferje frå ferjesambandet Vangsnes – Hella – Dragsvik raskt, når det er ikkje planlagde driftsavbrot av kort varigheit. Totalt sett er dette vurdert til å vere den beste løysinga for trafikantane.

Sambandet har hatt få ikkje planlagde driftsavbrot, utan at reserveferje har kome raskt inn, j.fr praksis ovanfor. Har Fjord1 sett at det driftsavbrotet vil gå over meir enn ½ - 1 døgn, har dei henta reservefartøy slik at reserverferja som kom frå Vangsnes – Hella – Dragsvik har gått tilbake til sambandet. Sambandet har vore trafikkert av berre ei ferje få gonger i anbodsperioden. I tid har dette vore berre nokre timar, maks ½ døgn.

Frekvens: 30 min.

Dagens kontrakt går ut 31.12.2014.

#### **Frå 2015:**

Ferjesambandet vil bli drifta av tre ferjer.

Kontraktstekst til reserverferje i sambandet:

# Vestlandsrådet

## Planlagte driftsopphold:

Ved verkstedsopphold og andre planlagte driftsavbrudd skal reserveferjen være på plass når den ordinære ferjen blir tatt ut av rute.

## Ikke planlagte driftsopphold:

Ved kortvarige driftsopphold skal reserveferje være på plass innen 12 timer.

En ferje i sambandet kan ikke erstattes av en reserveferje, med mindre denne oppfyller alle krav til hovedferje stilt i konkurransegrunnlaget, for en tidsperiode som overstiger 21 dager i året (60 dager for utviklingsferja første driftsåret).

Frekvens: 20 min

Kontrakt frå 2015 går ut 31.12.2024.

### **1.6.3 Ferjesambandet Anda - Lote**

Ferjesambandet er drifta av ei ferje.

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

## Planlagte driftsavbrudd:

Ved verkstedopphold og andre planlagte driftsavbrudd skal reservefartøyet være på plass når det ordinære fartøyet blir tatt ut av rute

## Ikke planlagte driftsavbrudd:

Ved ikke planlagte driftsavbrudd skal reserveferje med min 70 pbe skal være på plass innen 36 timer.

Sambandet har svært få ikkje planlagde driftsavbrot. Det har vore nokre få gonger sidan 2009. Kvar gong berre nokre timar, maks ½ døgn.

Frekvens: 30 min

Dagens kontrakt går ut 31.12.2016

## **1.7 Om ferjesambanda i Region Midt**

Her manglar nokre opplysningar.

### **1.7.1 Ferjesambandet Volda - Folkestad**

Er riksvegferjesamband fram til oktober 2013

Ferjesambandet er drifta av x ferjer

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

## Planlagde tidsavbrot:

## Ikkje planlagde driftsavbrot:

Frekvens:

Dagens kontrakt går ut:

I nytt anbod er det stilt krav til ei reserveferje på 50 pbe som skal vere på plass innan 8 timar.

### **1.7.2 Ferjesambandet Festøy - Solevågen**

Ferjesambandet er drifta av x ferjer



# Vestlandsrådet

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

Planlagde tidsavbrot:

Driftsavbrot over 5 døgn samt planlagt reparasjons- og vedlikeholdsarbeid skal reservefartøyet minst være 75 pbe.

Ikkje planlagde driftsavbrot:

Fartøy skal vere på plass innan 4 timer. Dei første 5 døgn er kravet på reservefartøyet 60 pbe.

Frekvens:

Dagens kontrakt går ut:

### ***1.7.3 Ferjesambandet Molde - Vestnes***

Ferjesambandet er drifta av x ferjer

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

Planlagde tidsavbrot:

Frå døgn 6 samt planlagt reparasjon- og vedlikehold er kravet 85 pbe og ein minste totalkapasitet på 335 pbe.

Ikkje planlagde driftsavbrot:

Reservefartøy skal vere på plass innan 5 timer. Frå 1-5 døgn er kravet 65 pbe og minste totalkapasitet på 315 pbe

Frekvens:

Dagens kontrakt går ut:

### ***1.7.4. Ferjesambandet Halså - Kanestråum***

Ferjesambandet er drifta av x ferjer

Dagens kontraktstekst til reserveferje i sambandet:

Planlagde tidsavbrot:

Etter døgn 6 samt ved planlagt reparasjon- og vedlikehold skal totalkapasiteten vere 120 pbe og to fartøy.

Ikkje planlagde driftsavbrot:

Reservefartøy skal vere på plass innan 5 timer. Frå 1-5 døgn er det krav om ein totalkapasitet på 105 pbe og to fartøy.

Frekvens:

Dagens kontrakt går ut:

Ingen av sambanda kan ta reservefartøy frå eit anna riksvegferjesamband slik at kapasiteten der blir redusert.

Forslag til vedtak:

1. Saka tas til orientering
2. AU oppfordrer fylkeskommunene til å medvirke til at det innarbeides klare betingelser i kontraktene om reserveferjer slik at tidsavbruddene i ferjetrafikken blir på et minimum. En bør særlig fokusere på flaskehals-og gjenståingsproblemer.
3. Vestlandsrådet får saka som melding.

# Vestlandsrådet